

Møteinkalling

Utvalg: **Breheimen nasjonalparkstyre**

Møtested: Teams

Dato: 03.05.2021

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til Trygve Snøtun, 95794484. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 5/21	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 6/21	Uttale - Lom kommune - Forslag til forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova - Forbod mot camping/overnattning ved turisthytter og andre friluftsområde - Høyring	2021/3724	
ST 7/21	Sak - Vigdalen LVO - Avkorting av midlar i 2020 til styrt haustbeiting på Fjellstølen	2020/7557	
ST 8/21	Mørkridsdalen landskapsvernområde - Dulsete - Restaurering av Haugsselet på Dulsete - Johannes Hauge	2021/4296	
ST 9/21	Delegerte vedtak		
DS 11/21	Delegert vedtak - Strynefjellet LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2024 - snødekt mark - Heilstuguvatnet - gbnr. 246/1/55 - Hans Sæther	2021/2739	
DS 12/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2021 - Utpllassering av Fjellgeitposter i Syrtbytdalen, Huguarden og Flekkøyhøi - Fjellgeita i Skjåk v/ Olav Øiberg	2021/451	
DS 13/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2021-2024 - Organisert ferdsel Lomseggen Upp - Lom IL skigruppa v/ Amund Mundhjeld	2021/4261	
DS 14/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Befaring av ny skiløype med snøskuter - 2021 - Skjåk Turløyper	2021/3375	
DS 15/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2021 - 2024 - utsetting av fisk - Skjåk Almenning	2021/1247	
DS 16/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Transport av proviant og drivstoff til hytte/naust i Lundadalen på snødekt mark - 2021 - Arnstein Dalum Frøyse	2021/3230	
DS 17/21	Delegert vedtak - Honnsrøve NAT - Dispensasjon - Transport av varer og utstyr til hytte med snøskuter - 2021-2024 - Sylfest Forberg	2021/3253	
DS 18/21	Delegert vedtak - Mysubytta LVO - Dispensasjon - Transport av varer og bagasje til hytte - 2021-2024 - Anders Eide	2021/3374	
DS 19/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel i forbindelse med uttransport av motorbåt - 2021- Lundadalsvatnet - Ørjan Hov	2021/2462	
DS 20/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Transport av materialar til Lundadalen på snødekt mark - 2021 - Ola Moen	2021/3230	

DS 21/21	Delegert vedtak - Breheimen NP og Mysubytta LVO - Dispensasjon - 2021 - Transport av ved og utstyr til hytte - Steinar Øygard	2021/3267
DS 22/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Bruk av motorbåt med motor på Lundadalsvatnet i Breheimen 2021-2024 - Kjell Lundemo	2021/2557
DS 23/21	Delegert vedtak - Breheimen NP -Dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport til Rustadhytta ved Søvertjønne m.m. - Søverdalen - Ola Ytre	2021/3373
ST 10/21	Eventuelt	

ST 5/21 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2021/3724-2

Saksbehandlar:

Trygve Snøtun

Dato: 26.04.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	6/21	03.05.2021

Uttale - Lom kommune - Forslag til forskrift om åferdsreglar etter friluftslova - Forbod mot camping/overnattning ved tuisthytter og andre friluftsområde - Høyring

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for verneområda i Breheimen meiner at ferdsselsreglar med heimel i friluftslova § 15 kring turisthyttene Sognefjellshytta og Krossbu kan vere med å påverke bruken av området inn mot Breheimen nasjonalpark, og dermed kunne føre til auka slitasje av vegetasjon, uroing av dyreliv og auka ureining, jf. § 3 i verneforskrifta. § 2 i verneforskrifta slår m.a. fast at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med litra grad av teknisk tilrettelegging.*»

Innføring av store forbodssoner gir avgrensingar i rettane som følgjer av friluftslova. Med for store restriksjonssoner kan det vera vanskeleg å få forståing for ordninga, jf. kravet om at det må vera eit konkret behov på det avgrensa området som skal kunne omfattast av ferdsselsregulering i medhald av § 15 i friluftslova.

Samstundes ser nasjonalparkstyret utfordringar knytta til forsøpling og sanitære forhold kring dei mest besøkte turisthyttene. God informasjon, gode rutinar og betaling av tenester bør i størst mogleg grad prøvast før ein innfører restriksjonar i forhold til friluftslova. Det er viktig å unngå for store avgrensingar i rettane som følgjer av friluftslova, og ein stiller spørsmål ved storleiken på areala som er foreslått som forbodssone.

Når det gjeld handheving av reglane, kan ein ikkje sjå at dette kan vera oppgåve for oppsynet i nasjonalparken. Det må vera ei sak for kommunen og dei aktuelle bedriftene å gje informasjon og føre tilsyn, i samarbeid med Statskog som grunneigar.

Ordninga bør følgjast opp med god informasjon med ei positiv tilnærming, og ikkje store forbodsskilt. Eventuelle nye skiltstativ i nasjonalparken må vurderast etter verneforskrifta.

[--- slutt på innstilling ---](#)

Dokument i saka

Høyrbrev av 19.03.21 frå Lom kommune, med vedlegg:

- Formannskapssak 16-2021 - åtferdsreglar etter friluftslova (Vedlegg i saka)
- Framlegg til forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova ([Vedlegg til saka](#))

Saksopplysningar

Lom kommune har sendt forslag til forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova til høyring.
Utdrag av høyringsbrevet:

«Formannskapet i Lom vedtok i sak 16/2021 å leggje forslag til ny *forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring turisthytter og mykje brukte friluftsområde i Lom kommune* ut til offentleg ettersyn. Høyringa blir kunngjort ved annonse i Fjuken 25.03.2021 og på kommunen si heimeside.

Bakgrunnen for forslaget er eit behov for å betre sanitære tilhøve og redusere tilgrising av naturen og helserisiko omkring turisthytter og andre friluftsområde med stor utfart. Det blir derfor foreslått å innføre sone med forbod mot overnatting/ camping omkring 8 turisthytter og 1 anna utfartsområde (badeplass ved Liabrua) i Lom kommune. 4 av desse turisthyttene har praktisert tilsvarende regulering med heimel i vedtak v/ Direktoratet for statens skoger på 1980-talet.

I følgje friluftslova § 15 krev innføring av slike åtferdsreglar samtykke frå grunneigar. Dette brevet går derfor til alle berørte grunneigarar. I tillegg går brevet til regionale myndigheter, til Våga kommune som grensar til to av sonene, til nasjonalparkstyra som blir berørt av forslaget, og til lokale og regionale frivillige organisasjoner som kan ha interesser knytt til forslaget. - - - »

I formannskapssaka er det m.a. peika på at coronasitusjonen i 2020 skapte særlege utfordringar i høve til smittevernet. Fleire av turisthyttene har hatt ferdelsreglar tidlegare, og formannskapet tilrår at fleire område blir omfatta av eit nytt og oppdatert regelverk. Forbodssonene er nærmere avgrensa på kartutsnitt – sjå vedlagt forslag til ferdelsreglar. Høyringsfristen er mandag 03.05.2021.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for verneområda i Breheimen i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.01.2020.

Styret kan gje uttaler i saker som vedkjem verneområdet, direkte eller indirekte.

Verneformål – forskrift

§ 2 (føremålsparagrafen) i verneforskrifta slår m.a. fast at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.*»

Verneforskrifta § 3 pkt. 5.4 har ein regel for regulering av ferdsel for heilt spesielle høve: «*Innanfor nærmere avgrensa delar av nasjonalparken kan Miljødirektoratet ved særskilt forskrift regulere eller forby ferdsel som kan skade naturmiljøet.*»

Denne heimelen er knytt til naturmangfald/naturmiljø, og er ikkje relevant i denne saka.

Kommunen si myndigkeit etter friluftslova, forureiningslova og andre aktuelle lover gjeld parallelt med verneforskrifta.

Vurdering


Forslaget omfattar følgjande område i/ved Breheimen nasjonalpark:

g. område ved Krossbu - gnr./bnr./fnr. 155/1/50 og delar av 155/1 (avgrensing langs vernegrensa til Breheimen nasjonalpark).


h. område ved Sognefjellshytta - gnr./bnr./fnr. 155/1/49 og delar av 155/1 (innanfor vernegrensa til Breheimen nasjonalpark).

Innan desse kartfesta områda er det forslag om forbod mot utandørs overnatting utanom på plass som er tilrettelagt og blir tilvist av turisthytta. På dei tilrettelagte teltplassane kan gjester slå opp telt og få tilgang til sanitæreranlegg mot betaling av ei mindre avgift til turisthytta. Dette gjev ordna tilhøve og hindrar ureining og uhygieniske forhold i nærområdet rundt hyttene.

Kartvedlegg g: Avgrensing av område ved Krossbu, jfr. § 2



Kartvedlegg h: Avgrensing av område ved Sognefjellshytta, jfr. § 2



Ein ser at det kan vera behov for å gjera det tydeleg at telting nær turisthyttene må skje i ordna former, og at vertskapet ikkje kan gje tilbod om bruk av sanitæreranlegg m.m. utan godtgersle for bruken. Ei regulering kan bidra til opprydding, men det er samtidig viktig å unngå at områda som blir regulert blir unødig store.

Det er i vurderinga i Lom formannskap vist til at «*Forbodssonene skal ha maksimal utstrekning 1 km frå turisthytta, avgrensinga bør om mogeleg følgje naturlege grenser i terrenget, vassdrag, vegar osv.*»

Det kan stillast spørsmål ved storleiken på areala som er foreslått som forbodssoner i saka. Det er i saka vist til at ein bør følgje naturlege avgensingar i terrenget. Med for store avgensingar kan det vera vanskeleg å få forståing for ordninga, jf. kravet om at det må vera eit konkret behov for regulering på eit område som skal kunne omfattast av ferdsselsregulering i medhald av § 15 i friluftslova. Det er i saka vist til rundskriv T-3/07 Om lov om friluftslivet, utgjeve av Miljøverndepartementet.

Restriksjoner kan bare legges på klart begrensede og konkret avgrensede områder.

Bestemmelsen kan vanskelig brukes til å legge begrensninger på bruk av større områder, f.eks. forbud mot overnatting i bobiler langs lengre vegstrekninger eller forbud mot bruk av strandsonen langs lengre elvestrekninger. Det kan vanskelig sies at utfarten er stor langs en større slik strekning i sin helhet.

I seinare tid har mange verksemder opplevd utfordringar med å handtere besøk i samband med smittesporing. Dette er det etterkvart kome gode rutinar på, både for verksemndene og for brukarar. Desse bør også kunne nyttast på turisthytter i fjellet.

Sjølv om forbodssona kring Krossbu går ved grensa til Breheimen nasjonalpark, vil det kunne påverke naturen innanfor. Ei forbodsone på inntil 1 km frå turisthyttene vil kunne presse folk som vil overnatte til eit større område. Dette vil kunne påverke eit større areal enn om overnatting skjer meir koncentrert. Dette kan ha verknader på vegetasjonsslitasje på

nye stader, uroing av dyreliv og ureining på nye stader, jf. § 3 i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Forbodssonene bør såleis vere så små som mogleg, slik at negativ påverknad på naturen minimerast til eit mindre område. Turisthyttene kan ha gode system for registrering og ta betalt for dei tenestene dei tilbyr.

Når det gjeld handheving av reglane, kan ein ikkje sjå for seg at dette kan vera oppgåve for oppsynet i nasjonalparken. Det må vera ei sak for kommunen og dei aktuelle bedriftene å gje informasjon, i samarbeid med Statskog som grunneigar. Ordninga bør følgjast opp med god informasjon med ei positiv tilnærming, og ikkje store forbodsskilt.

Eventuelle nye skiltstativ i nasjonalparken må vurderast etter verneforskrifta



Lom



Skjåk

Nasjonalparkstyret for Breheimen

Vår ref
2021/913-2**Dykkar ref****Saksbehandler**
Sander Sælthun
47463218
sander.saelthun@lom.kommune.no**Dato**
19.03.2021

Høyring av forslag til forskrift; åtferdsreglar med heimel i friluftslova § 15 - regulering av overnatting/ camping ved turisthytter og andre friluftsområde i Lom kommune

Formannskapet i Lom vedtok i sak 16/2021 å leggje forslag til ny *forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring turisthytter og mykje brukte friluftsområde i Lom kommune* ut til offentleg ettersyn. Høyringa blir kunngjort ved annonse i Fjukan 25.03.2021 og på kommunen si heimeside.

Bakgrunnen for forslaget er eit behov for å betre sanitære tilhøve og redusere tilgrising av naturen og helserisiko omkring turisthytter og andre friluftsområde med stor utfart. Det blir derfor foreslått å innføre sone med forbod mot overnatting/ camping omkring 8 turisthytter og 1 anna utfartsområde (badeplass ved Liabrua) i Lom kommune. 4 av desse turisthyttene har praktisert tilsvarende regulering med heimel i vedtak v/ Direktoratet for statens skoger på 1980-talet.

I følgje friluftslova § 15 krev innføring av slike åtferdsreglar samtykke frå grunneigar. Dette brevet går derfor til alle berørte grunneigarar. I tillegg går brevet til regionale myndigheter, til Vågå kommune som grensar til to av sonene, til nasjonalparkstyra som blir berørt av forslaget, og til lokale og regionale frivillige organisasjonar som kan ha interesser knytt til forslaget. To av sonene kjem i berøring med fylkesveg (Fv 55 Sognefjellsvegen), kunngjeringa til fylkeskommune er derfor også ei varsling av vegeigar.

Uttaler/ merknader til forslaget kan sendast til Lom kommune, Sognefjellsvegen 6, 2686 LOM, eller på e-post til post@lom.kommune.no seinast **måndag 03.05.2021**.

Brevet er elektronisk og vert sendt utan signatur

Med helsing

Sander Sælthun
Rådgjevar
Plan, byggesak og miljø

Postadresse:
Sognefjellsvegen 6
2686 LOM

Besøksadresse:
Sognefjellsvegen 6

Org.nr: 959377677
Heimeside: www.lom.kommune.no
E-post: postmottak@lom.kommune.no

Telefon: 61217300
Bankkonto: 20850700010

Vedlegg

- 1 Formannskapsak 16-2021 - åtferdsreglar etter friluftslova
- 2 Framlegg til forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova

Adresseliste:

DNT Gudbrandsdalen
DNT Oslo og omegn
Forum for natur og friluftsliv Innlandet
Gjendebu turisthytte
Glitterheim turisthytte
Innlandet fylkeskommune
Juvasshytta
Krossbu turisthytte
Leirvassbu Fjellstue
Lom fjellstyre
Mattilsynet
Memurubu turisthytte
Nasjonalparkstyret for Breheimen
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen
Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel
Sognefjellshytta
Spirerstulen
Statsforvaltaren i Innlandet
Vågå kommune

Statskog SF
Aase Ragnhild Kvåle
Kjetil Espen Sveine
Ragnhild Sjurgard
Ragny Merete Bakken



Arkivsak: 2021/913-1

Arkiv: J42

Saksbehandlar: Sander Sælthun

Dato: 07.03.2021

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2021/16	16.03.2021	Formannskapet

Regulering av camping ved turisthytter og andre friluftsområde – åtferdsreglar med heimel i friluftslova § 15

Vedlegg

- 1 Forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova

Innstilling frå administrasjonssjefen

Formannskapet vedtek med heimel i Lov om friluftsliv av 28. juni 1957 nr.16 å legge forslag til ny *forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring turisthytter og mykje brukte friluftsområde i Lom kommune* ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Høyringa blir kunngjort ved annonse i Fjuken og på kommunen si heimeside.

Saksprotokoll i Formannskapet 16.03.2021:

Behandling

Ordførar stilte spørsmål om habiliteten sin i behandlinga av saka fordi han er medeigar i ei av dei berørte turisthyttene.

Varaordførar overtok leiinga av møtet

Varaordførar sin innstilling: ordførar er innhabil

Votering

Ordførar er innhabil i behandling av saka

Samrøystes

Vedtak

Formannskapet vedtek med heimel i Lov om friluftsliv av 28. juni 1957 nr.16 å legge forslag til ny forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring turisthytter og mykje brukte friluftsområde i Lom kommune ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Høyringa blir kunngjort ved annonse i Fjuken og på kommunen si heimeside.

Samrøystes

Saksutgreiing

Sommaren 2020 mottok smittevernlegen i Lom bekymringsmelding knytt til Covid-19-smittefare i samband med "villcamping" nær fleire av turisthyttene, og dermed bruk av hyttene sine sanitæranlegg av personar som ikkje kan sporast ved event. smitteutbrot. Tilgrising av nærområdet omkring turisthyttene på grunn av slik villcamping er eit problem som har vore kjent lenge, men Covid-19-situasjonen har skapt nye utfordringar. Det har blitt reist spørsmål om kva for mogelegheit kommunen har til å regulere slik camping.

Litt historikk omkring campingregulering ved turisthyttene:

Direktoratet for statens skoger gjorde i 1983 vedtak om reglar for "campingfri sone" omkring fleire turisthytter i Jotunheimen og Rondane, i Lom gjaldt dette vedtaket Spiterstulen, Gjendebu, Glitterheim og Bøvertun (den siste er som kjent ikkje turisthytte lenger). Vedtak vart gjort med heimel i friluftslova §15, vedtaksteksten er lagt ved nedanfor.

Likande vedtak vart gjort for Memurubu i 1987. Direktoratet for statens skoger vart nedlagt i 1993 og avløyst av Statskog som statleg foretak og juridisk grunneigar for statsallmenningen.

REGLER FOR CAMPING VED TURISTHYTTER

I medhold av § 15, siste ledd i lov om frilufstlivet av 28. juni 1957 har Direktoratet for statens skoger fastsatt følgende regler for camping i et nærmere bestemt område rundt turisthyttene Spiterstulen, Bøvertun, Gjendebu, Glitterheim, Rondvassbu, Bjørnhollia og Grimsdalshytta:

1. Innenfor en avstand av 0,5 - 1 km fra turisthytta er telting eller overnatting med tilsvarende innretninger ikke tillatt. Angående områdene sine nøyaktige avgrensing henvises til oppslag ved hver enkelt hytte.
2. All overnatting innenfor dette området henvises til den etablerte teltplass ved turisthytta.
3. Nærmere bestemmelser om bruk av teltplassene finnes på oppslag ved den enkelte hytte.
4. Forsetlig eller akløs overtredelse av disse regler kan medføre straffeansvar etter friluftslovens § 39.

På den tida desse vedtaka vart gjort kunne staten som grunneigar gjere vedtak etter § 15 i friluftslova. I følgje tilbakemelding frå Miljødirektoratet 25.08.2020 gjeld ikkje desse vedtaka om campingreglar lenger, fordi heimelsgrunnlaget i friluftslova for å fastsetje slike reglar/åferdsreglar vart endra i 1996.

Slik friluftslova er formulert i dag er det kommunen som kan gjere slike vedtak etter friluftslova, ikkje grunneigar eller staten:

§ 15. (Regulering av ferdsel på visse friluftsområde)

Til regulering av ferdelsen på område hvor utfarten er stor, kan kommunen med samtykke av eieren eller brukeren fastsette åferdsregler som enhver som ferdes på området plikter å følge. Reglene skal særlig ta sikte på å opprettholde ro og orden, verne dyre- og plantelivet og fremme helsetiltak og sanitære forhold.

Inntil nyleg var det i § 15 eit krav om at Fylkesmannen måtte stadfeste kommunen sitt vedtak om åferdsreglar. Dette kravet om stadfestning frå Fylkesmannen vart fjerna ved lovendring 19. juni 2020. Frå høringsdokumentet i samband med lovendringa:

Atferdsregler etter § 15 kan utarbeides for å regulere ferdelsen i attraktive og mye brukte friluftsområder. Reglene skal særlig ta sikte på å opprettholde ro og orden, verne dyre- og plantelivet og fremme helsetiltak og sanitære forhold. Eksempler på innhold i slike ordensregler kan være forbud mot telting eller regler for landsetting og fortøyning av båter. Kommunen kan utarbeide atferdsregler på friluftsområder uavhengig av hvem som eier grunnen, men eier eller bruker må samtykke til slik regulering.

I rundskriv T-3/07 *Om lov om friluftslivet*, utgjeve av Miljøverndep. 28.06.2007 står:

Restriksjoner kan bare legges på klart begrensede og konkret avgrensede områder. Bestemmelsen kan vanskelig brukes til å legge begrensninger på bruk av større områder, f.eks. forbud mot overnatting i bobiler langs lengre vegstrekninger eller forbud mot bruk av strandsonen langs lengre elvestrekninger. Det kan vanskelig sies at utfarten er stor langs en større slik strekning i sin helhet.

I tillegg til problemstillinga knytt til telting rundt turisthyttene har det ved fleire høve vore sett fokus på at badeplassen ved Liabrua er utsett for vesentleg tilgrising og forsøpling på grunn av og camping/ overnatting i telt, campingvogner og bubar i sommarhalvåret.

Vurdering

Det går fram av ordlyden i friluftslova § 15 at kommunen kan vedta åferdsreglar for å forby telting/ camping i mykje brukte friluftsområde. Sanitære tilhøve og helsetiltak er nemnt som relevant grunngjeving for å innføre slike reguleringar.

Slike åferdsreglar vil i følgje friluftslova § 24 ha status som kommunal forskrift. Kommunen må sjølv "sørge for at allmennhetens interesser ikke innskrenkes unødig". I samsvar med forvaltningslova § 37 (om forskrifter – utgreiingsplikt, førehandsvarsling og uttale frå interessentar) må ei forskrift derfor sendast på høyring før endeleg vedtak.

Tilgrising av naturen og uheldige sanitære tilhøve omkring turisthytter og andre friluftsområde med stor utfart er klart uheldig. Problemstillingar knytt til smittefare har forverra situasjonen. Administrasjonssjefen si vurdering er at kommunen bør vedta forskrift om forbod

mot camping/ overnatting for område omkring turisthytter i Lom, både dei hyttene som er omfatta av staten sine vedtak på 1980-talet, og andre turisthytter i fjellet som ikkje var nemnt i dei tidlegare vedtaka. Likeins bør tilsvarande forbod vurderast for badeplassen ved Liabrua.

Etter administrasjonssjefen si vurdering bør slike reguleringar gjelde for klart definerte og avgrensa område, elles kan reguleringa oppfattast som eit angrep på allemannsretten. Administrasjonssjefen foreslår at kommunal forskrift med forbod mot camping/ overnatting skal gjelde følgjande område:

- a) område ved Gjendebu
- b) område ved Memurubu
- c) område ved Glitterheim
- d) område ved Spiterstulen
- e) område ved Juvasshytta
- f) område ved Leirvassbu
- g) område ved Krossbu
- h) område ved Sognefjellshytta
- i) badeplass ved Liabrua

Område a) - d) har som nemnt over hatt reglar for campingfrie soner sidan 1980-talet, vedtekne av Direktoratet for statens skoger. Område e) – f) gjeld turisthytter som på same måte som a) – d) ligg i tilknyting til DNT sitt løype-/ stignett, og som har stor trafikk av forbipasserande fotturistar.

Forbodssonene skal ha maksimal utstrekning 1 km frå turisthytta, avgrensinga bør om mogeleg følgje naturlege grenser i terrenget, vassdrag, vegar osv.

Forbodssonene er nærmere avgrensa på kartutsnitt vedlagt forslaget.

Ved seinare evaluering av forskrifta kan det vurderast om det er nødvendig å ta inn andre friluftsområde/ område rundt andre turistbedrifter enn dei som er nemnt i punkt a) – i) over.

Forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring turisthytter og mykje brukte friluftsområde i Lom kommune

Fastsett av Lom kommune xx.xx.2021 med heimel i § 15 i lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr.16.

§ 1. Formål

Formålet med denne forskrifta er å hindre ulemper knytt til sanitære tilhøve og helserisiko i mykje brukte friluftsområde i Lom kommune.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld følgjande område i Lom kommune, nærmere avgrensa på kartvedlegg til forskrifta:

- a. område ved Gjendebu - gnr./bnr./fnr. 155/1/66 og delar av 155/1.
- b. område ved Memurubu - gnr./bnr./fnr. 155/1/51, 155/1/167 og delar av 155/1.
- c. område ved Glitterheim - gnr./bnr./fnr. 155/1/67 og delar av 155/1.
- d. område ved Spiterstulen - gnr./bnr./fnr. 156/1/1 og delar av 156/1.
- e. område ved Juvasshytta - gnr./bnr./fnr. 155/1/56, 155/1/334 og delar av 155/1.
- f. område ved Leirvassbu - gnr./bnr./fnr. 155/1/47 og delar av 155/1.
- g. område ved Krossbu - gnr./bnr./fnr. 155/1/50 og delar av 155/1.
- h. område ved Sognefjellshytta - gnr./bnr./fnr. 155/1/49 og delar av 155/1.
- i. badeplass ved Liabrua - delar av gnr./bnr. 81/4, 83/1, 84/10 og 12, 84/32.

§ 3. Forbod mot camping/ overnatting

Utandørs overnatting er forbode i områda nemnt i § 3, jfr. kartvedlegg til denne forskrifta. Forbodet gjeld all overnatting i m.a. telt, campingvogner, bubilar.

§ 4. Unntak fra forboden

Overnatting på plass som er tilrettelagt og blir tilvist av turisthytta er tillate.

§ 5. Dispensasjon

Lom kommune v/ administrasjonssjefen kan etter søknad i særlege høve gje dispensasjon frå forboden i § 3.


§ 6. Straff

Brot på denne forskrifta kan medføre bortvising frå området og straffeansvar etter lov om friluftslivet § 39.

§ 7. Iverksetjing


Denne forskrifta trår i kraft frå tidspunkt for kunngjering i Norsk Lovtidend.

Kartvedlegg a: Avgrensing av område ved Gjendebu, jfr. § 2.




Kartvedlegg b: Avgrensing av område ved Memurubu, jfr. § 2.

Memurubu - område med forbod mot overnatting/ camping M 1:75




Kartvedlegg c: Avgrensing av område ved Glitterheim, jfr. § 2.




Kartvedlegg d: Avgrensing av område ved Spiterstulen, jfr. § 2.

Spiterstulen - område med forbod mot camping M 1:10000




Kartvedlegg e: Avgrensing av område ved Juvasshytta, jfr. § 2.

Juvasshytta - område med forbod mot camping M 1:7500




Kartvedlegg f: Avgrensing av område ved Leirvassbu, jfr. § 2.


Leirvassbu - område med forbod mot camping M 1:10000




Kartvedlegg g: Avgrensing av område ved Krossbu, jfr. § 2



Kartvedlegg h: Avgrensing av område ved Sognefjellshytta, jfr. § 2



Kartvedlegg i: Avgrensing av friluftsområde ved Liabrua, jfr. § 2





Arkivsaksnummer: 2020/7557-7

Saksbehandlar: Trygve Snøtun

Dato: 13.04.2021

Sak - Vigdalen LVO - Avkorting av midlar i 2020 til styrt haustbeiting på Fjellstølen

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre er samd i nasjonalparkforvaltars vurdering av avkorting av tildelte ramme for styrt haustbeiting av Fjellstølen. Beitebrukar har fått utbetalt for rapporterte arbeidstimar, grunnbeløp og for inngjerda dyr i samsvar med avtale. Generelt tilsyn av dyr på utmarksbeite blir ikkje dekt av denne avtalen, då det er meint dekka av grunnbeløpet. Vidare er noko av premissene for haustbeiteprosjektet endra då det ikkje har vore storfe og sau inngjerda på naturbeitemarka. Om beitebrukar har meint det ikkje var mogleg å gjennomføre som planlagt, skulle endringar vore avklara med forvaltar/SNO.

Breheimen nasjonalparkstyre ønskjer å videreføre samarbeid om styrt beiting av kulturlandskapet i Vigdalen landskapsvernområde. Det er viktig med god dialog mellom beitebrukar og nasjonalparkforvaltar/SNO undervegs, slik at eventuelle utfordringar og endringar kan handsamast og avklarast når dei kjem.

[--- slutt på innstilling ---](#)

Dokument i saka

- Saksframlegg for Breheimen nasjonalparkstyre: Utvalssak 3/20 – Tiltaksmidlar i 2020
- Avtale om kjøp av teneste – Vigdalen LVO – Styrt haustbeiting på Fjellstølen – Oddvar Vigdal

Saksopplysningar

Breheimen nasjonalparkstyre avkorta utbetalinga av tiltaksmidlar i samband med ein avtale om kjøp av teneste i Vigdalen LVO. Avtalen omhandla styrt haustbeiting og rydding av skog i naturbeitemark. Etter at utbetalinga vart avkorta, har beitebrukar sendt klage til styreleiar. Styreleiar har svara. Då beitebrukar ikkje vart nøgd med svaret sende han ei klage til statsforvaltaren. Statsforvaltaren meiner at det er nasjonalparkstyret som disponerer tiltaksmidlane, og at det difor er styret som må avgjere bruken. I klagan kjem det ikkje fram kva punkt som blir klaga på anna enn at beitebrukar føler seg urettmessig behandla, og ønskjer å få utbetalt heile rammebeløpet i avtalen. Vidare er ikkje dette ein sak for

Miljødirektoratet då avkorting i samband med ein avtale ikkje er å rekne som eit enkeltvedtak med klagerett.

Breheimen nasjonalparkstyre søker kvart år om tiltaksmidlar gjennom bestillingsdialogen med Miljødirektoratet. For året 2020 vart det mellom anna søkt om 45 000 kr til skjøtsel av vegetasjon gjennom haustbeiteprosjekt på Fjellstølen i Vigdalen LVO. Dette var vidareføring av eit beite- og ryddeprosjekt på Fjellstølen som starta opp i 2016.

Breheimen nasjonalparkstyre inngjekk ein avtale om kjøp av teneste som vart signert av beitebrukar og grunneigar Oddvar Vigdal 07.07.2020. Avtalen var i all hovudsak ei vidareføring av tidlegare avtalar som har vore sidan 2016.

I samband med arbeid med skjøtselsplan for Vigdalen LVO vart det i utkastet framheva at ein bør fokusere på naturbeitemarka kring stølsvollane. I samråd med SNO og beitebrukar vart ein difor munnleg einig om at det største beitetrykket skulle vere der. Inngjerding er elektrisk og difor fleksibel. For at det ikkje skulle vere til ulempe for folk som ferdast der, var ein også samd om at innhegning ikkje skulle vere til hinder for stien gjennom stølsvollen. Difor var det planlagt å ha eitt beite nedanfor stien og eitt over.

Prosjektet er eit haustbeiteprosjekt der både storfe, sau og hest skal beite innanfor innhegning i ein periode over minst 4 veker på slutten av beitesesongen. I avtalen er sagt at leverandør skal rådføre seg med SNO om det er behov, at arbeidsoppgåvene kan endrast etter avtale mellom partane og at Breheimen nasjonalparkstyre kan godkjenne tiltaket på grunnlag av rapport frå leverandør og SNO.

Prisramma for tiltaket er på inntil 45 000 kr, der 15 000 kroner er til sjølve beiteprosjektet og 30 000 kroner er til rydding, tynning og opp-/nedføring av elektrisk gjerde i beiteområdet. Manuelt arbeid har ein timepris på 300 kr/time. Alle prisar er utan meirverdiavgift.

Nasjonalparkforvaltar fekk hausten 2020 ein faktura på 45 000 kroner pluss mva. Då forvaltar ba om rapport kom det fram at det berre har vore to hestar som har vore inngjerda. Beitebrukaren har sjølv kyr og ungdyr som beitar i området, medan sau er andre sine som trekker over fjellet og til området. For å halde dyra kring stølsvollen har beitebrukar sett ut saltstein, men dyra har gått fritt.

Vidare fekk nasjonalparkforvaltar oversikt over tidsbruken til beitebrukar.

- | | |
|--|----------|
| - Rydding langs gjerdetrase, napping/slått av strå under straumgjerde: | 15 timer |
| - Oppføring og nedattaking av straumgjerde i to skift: | 28 timer |
| - Klypping av småskog: | 10 timer |

I tillegg har beitebrukar ført opp tilsyn av dyr på 2 timer kvar dag dyra har vore på utmarksbeite.

Vurdering

Nasjonalparkforvaltar meiner at beitebrukar ikkje har oppfylt alle vilkåra som ligg i arbeidsoppdraget og ikkje hatt så mange arbeidstimer som ligg innanfor det skisserte arbeidsoppdraget for å få utbetalt heile summen i rammeavtalen. Tiltaket vart til for å betre tilhøva på gammal naturbeitemark og skjøtsel av kulturlandskapet gjennom å hindre gjengroing, fjerne problemartar og få opp tal på diagnostiske artar i kulturlandskapet, der ein

skulle nytte ulike husdyr til beiting. Om beitebrukar har sett at det har vore vanskeleg å gjennomføre oppdraget som avtalt, burde det blitt oppretta dialog med forvaltar/SNO, noko som også avtalen presiserer. Dette har ikkje skjedd og det har ikkje kome varsel om at prosjektet ikkje har vore gjennomført som planlagt. Informasjon om dette har kome i etterkant av beitesesong og i etterkant av at faktura har blitt sendt.

Sjølve beiteprosjektet hadde ei ramme på 15 000 kroner. I dette ligg eit grunnbeløp på inntil 10 000 kr, samt faste takstar per vaksne sau, per kyr og per hest. Elektrisk gjerde er sett opp i to beiter og hestar har vore på beite. Trass i eit relativt høgt grunnbeløp som er basert på at det er elektrisk gjerde og fleire ulike dyr som skal vere på beite, meinte forvaltar at heile grunnbeløpet kunne betalast ut, samt dei faste satsane på to hestar. Dette tilsvarte tilsaman 10 500 kr i beiteprosjektet.

Løyning på inntil 30 000 kroner gjeld rydding av gjerdetrase, opp-/nedtaking av straumgjerde og tynning av skog på beita areal der timeprisen er sett til 300 kr/time eks. mva. Beitebrukar har fått utbetalt i samsvar med avtalen for alle timane han rapport om til desse oppgåvane. Totalt vart det rapportert om 53 timer, noko som utgjer 15 900 kr eks. mva.

I rapporten frå beitebrukar oppgjer han 2 timer oppsyn med dyr kvar dag dyra er på utmarksbeite. Beitebrukar kan gjennom landbruksordninga få tilskot for å ha dyr på utmarksbeite, nasjonalparkforvaltningsa gir ikkje generelle tilskot. I avtalen om styrt haustbeite ligg den eit grunnbeløp på inntil 10 000 kr som er meint å dekke noko av ekstraarbeidet prosjektet medfører, mellom anna tilsyn av dyr. Vår interesse i denne samanheng er å intensivere beitetrykket i kulturlandskapet kring stølsvollen på Fjellstølen gjennom å fleire ulike typar dyr som beitar på ulik måte innanfor eit inngjerda områda. Og avtalen om styrt haustbeiting omhandlar spesifikt dette. Det meir generelle med å ha dyr på beite i utmark går under landbruksforvaltinga.

Nasjonalparkforvaltar meiner difor at generelt tilsyn til dyr på utmarksbeite ikkje kan reknast som ein del av prosjektet på Fjellstølen, samt at det er tatt høgde for ekstraarbeid i avtalen gjennom eit høgare grunnbeløp enn andre avtalar på grunn av elektrisk gjerde. Nasjonalparkforvaltar meiner også at å sette ut salt på stølsvollen for å prøve å halde dyra innanfor naturbeitemarka ikkje er tilstrekkeleg, når avtalen er innhegning. Vidare hadde det vore ønskjeleg med dialog dersom beitebrukar oppdaga at det ville bli vanskeleg å gjennomføre avtalen som planlagt.

Oddvar Vigdal er einaste gardbrukar i Vigdalen som har dyr på beite innanfor landskapsvernombordet. I skjøtselsplanen for Vigdalen LVO er beitedyr trekt fram som viktig i vidare skjøtsel av verneområdet. Breheimen nasjonalparkstyre ønskjer eit samarbeid der både gardbrukar sine interesser og verneverdiane blir ivaretatt. Tiltaksmidlane som nasjonalparkstyret disponerer skal gå til prosjekt som styrkar verneverdiane, men kan ikkje nyttast som tilskotsmidlar. Samarbeidet mellom gardbrukar og forvalting må difor vere konkrete prosjekt der målet er å fremje verneverdiane, gjerne der gardbrukar også har ein interesse, der meirarbeidet utover den vanlege drifta blir dekka. For framtida må ein difor ha passande omfang av beite- og ryddeprosjekt som er mogleg å gjennomføre som planlagt.

Saka er viktig då nasjonalparkstyret har fleire skjøtselsavtalar med gardbrukarar kring verneområda, og det er viktig og naudsynt med likehandsaming av desse. Denne beitebrukaren har eit noko høgare grunnbeløp enn dei andre på grunn av at det er fleire typar dyr og at ein nyttar elektrisk gjerde. Men nasjonalparkstyret kan ikkje dekke generelt tilsyn av dyr på beite, då det vil bli rekna som tilskot og difor utanfor det midlane skal gå til, og ein då måtte gjort det same med alle beitebrukarar innanfor verneområda i Breheimen. I avtalen er det tatt høgde for meirarbeid gjennom grunnbeløpet.

Utbetalinga til beitebrukar vart rekna ut etter avtalte satsar i avtalen. Fullt grunnbeløp er betalt ut, og alle arbeidstimer som er oppført. Det som er ikkje er med i utrekninga er timane til generelt tilsyn av dyr på utmarksbeite. Utrekninga som er gjort:

Grunnbeløp beiteprosjekt:	10 000 kr
Hest på beite: 2 stk*250 kr/stk	500 kr
Opp- og nedtaking av straumgjerde: 28 t*300 kr/t	8400 kr
Rydding gjerdetrase/napping av strå: 15 t*300 kr/t	4500 kr
<u>Klypping av småskog: 10 t*300kr/t</u>	<u>3000 kr</u>
<u>Totalt utbetalt:</u>	<u>26400 kr eks.mva.</u>



Breheimen
nasjonalparkstyre

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 57 64 31 39
fminpost@fylkesmannen.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

ODDVAR VIGDAL
Vigdalen
6868 GAUPNE

Saksbehandler Trygve Snøtun

Vår ref. 2020/7557-1
PRIMÆRKLASSERING

Dykker ref.

Dato 01.07.2020

Avtale om kjøp av teneste - Vigdalen landskapsvernområde - Styrt haustbeiting på Fjellstølen i Vigdalen - Oddvar Vigdal

Vi viser til tidlegare avtalar med dykk om haustbeite i området ved Fjellstølen i Vigdalen som starta i 2016.

I vedlagde dokument er det gjort framlegg om avtale for 2020.

Vi ber om at avtalen vert signert og returnert til oppdragsgjevar innan 15.august 2020.

Med helsing

Trygve Snøtun
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Fylkesmannen i Vestland	Statens hus, Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens Naturoppsyn			



Avtale om styrt haustbeiting på Fjellstølen i Vigdalen – Vigdalen landskapsvernområde 2020

Leverandør: Oddvar Vigdal,
Org.nr. 97680229
Vigdalen 385,
6868 Gaupne

Oppdragsgjevar: Breheimen nasjonalparkstyre
v/kontaktperson nasjonalparkforvaltar Trygve Snøtun

1. Arbeidsoppdraget:

Breheimen nasjonalparkstyre inngår avtale med leverandør om å utføre følgjande arbeid i tidsrommet: 10.08.2020 – 01.10.2020:

Oppdraget gjeld styrt haustbeiting med storfe, sau og hestar ved Fjellstølen i Vigdalen landskapsvernområde, slik det har vorte gjennomført dei siste åra. Dyra vert flytta til/frå Synneshaug i Vigdalen – Fjellstølen, ein avstand på om lag 3,2 km. Skjøtselsarbeidet gjeld styrt haustbeiting der ein kvart år vekslar mellom beite i ulike skifte. I 2020 er beitet det same som vart beita i 2016.

Formålet med arbeidet er å halde kulturlandskapet og kulturmarkene i området kring Fjellstølen i god hevd (jf. verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernområde § 2), dvs. å skjøtte areala mest mogleg slik det vart gjort etter lokal tradisjon tidlegare. Tiltaket vert sett i verk med heimel i verneforskrifta for Vigdalen landskapsvernområde § 6;
«Forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet», jf. naturmangfaldlova § 47. Beitet vil føregå på privat grunn, og skjøtselstiltaket føreset godt samarbeid med grunneigarane. Skjøtselsarbeidet føreset god lokal kunnskap om skjøtsel av kulturlandskap i jordbruket. Oddvar Vigdal er ein av grunneigarane i Vigdalen. Han har god erfaring med beitedyr i området, kjenner historia til området og korleis Vigdalen vart nytta til beite tidlegare.

I 2020 er det aktuelt å gå vidare med skiftet merka «2016» i oversiktskartet som var lagt ved e-post datert 17.03.2016, sak 2016/4446, om korleis haustbeiteprosjektet er planlagt gjennomført, jf. kartvedlegg til denne avtalen.

Haustbeitinga skal føregå i minst fire veker i perioden 10. august til 1. oktober 2018.

Skiftet som skal beitast vil bli gjerda inn med elektrisk gjerde. Gjerdet må tilpassast grunn og topografi, og skal ikkje vera til hinder for at ein elles kan ferdast som vanleg etter stien i området.

Tiltaket vert gjennomført med:

- 5-10 storfe først for å ta det beste graset, deretter
- 10-15 sau som kan beite ned mellom anna urter og lauv, og
- 2 hestar til slutt for å ta det som er att og pusse ned stive strå.



Leverandør må innhente samtykke fra dei andre grunneigarane til gjennomføring av tiltaket.

Leverandør skal bruka eige utstyr ved utføring av oppdraget.

Leverandør har sjølv ansvar for eigen tryggleik og følgjer reglar som gjeld for slikt arbeid.

Dersom forholda tilseier det, skal leverandør rádføre seg med SNO om utføringa av oppdraget.

Dersom det dukkar opp særlege behov/oppgåver som bør prioriterast kan arbeidsoppgåvene endrast i avtaleperioden etter avtale mellom partane.

Breheimen nasjonalparkstyre/nasjonalparkforvaltaren godkjenner tiltaket på grunnlag av rapport frå leverandør og frå SNO.

2. Tidsrom:

Avtalen gjeld for perioden veke 33 til veke 40.

Eventuelt arbeid utover dette tidsrom avtalast nærmere med oppdragsgjevar.

3. Vilkår for arbeidet:

- Levarandør er ansvarleg for å sette seg inn i verneforskrift og andre retningslinjer for arbeid i verna natur.
- Leverandør har sjølv ansvar for eigen tryggleik under arbeidet.
- Leverandør er sjølv ansvarleg for eventuell forsikring på personell og utstyr som vert nytta under arbeidet.
- Leverandør er ansvarleg for samtykke frå aktuelle grunneigarar.

4. Rapportering:

Leverandør skriv rapport frå arbeidet med oversikt over tidsbruk, utført arbeid (om tidsperiode og kor mange kyr, sauar og hestar som vart slept på beitet i den aktuelle perioden) og kostnadsoversikt. Gjerne med biletar som syner resultatet. Rapporten er viktig dokumentasjon for faktura. Rapport skal sendast til nasjonalparkstyret på e-post trsno@fylkesmannen.no innan 1.november 2020.

5. Pris – øvrige økonomiske vilkår:

Avtalt prisramme på heile oppdraget er på inntil kr. 45 000,- eksklusiv meirverdiavgift, og omfattar alle driftskostnader.

Prisramma for beitet til leverandør vert rekna ut etter eit grunnbeløp på inntil kr. 10 000,- pluss

kr. 120,- per vaksen sau som vert slept inn att i skiftet

kr. 250,- per kyr som vert slept inn att i skiftet.

kr. 250,- per hest som vert slept inn att i skiftet,

Totalt kr. 15 000,- for sjølve beiteprosjektet.



I tillegg gjeld løyvinga inn til kr. 30 000,- for:

- rydding av gjerdetrassè
- oppføring og nedattaking av straumgjerde
- tynning av skogen på beita areal

Timepris for manuelt arbeid er kr. 300,- eksklusive meirverdiavgift.

Dersom samla tilskot utrekna etter maksimalsatsane overstig disponibel ramme, vil det bli føreteke ei prosentvis avkorting ned til ramma. Alle prisar er eks. mva.

Oppgjer for utført arbeid betalast etter faktura innsendt av leverandør. Faktura skal sendast Breheimen nasjonalparkstyre seinast innan 15.10.2020.

Faktura til Breheimen nasjonalparkstyre skal merkast med ID nr. 3850 TRSNO, og sendast til fakturaadresse:

Fylkesmannen i Vestland
Fakturamottak DFØ
Postboks 4746
7468 Trondheim

6. Twister:

Eventuelle tvistar mellom avtalepartane skal løysast mellom avtalepartane.

Avtalen er underteikna av Fylkesmannen på vegne av verneområdestyret og midlane vert utbetalt mot faktura.

Dato / stad

Dato/stad

Breheimen nasjonalparkstyre
v/Fylkesmannen i Vestland

Leverandør



Arkivsaksnummer: 2021/4296-3

Saksbehandlar:

Trygve Snøtun

Dato: 21.04.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	8/21	03.05.2021

Mørkridsdalen landskapsvernområde - Dulsete - Restaurering av Haugsselet på Dulsete - Johannes Hauge

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Johannes Hauge og Elin Hauge løyve til å heve Haugsselet på Dulsete i Mørkridsdalen i Luster kommune 50 cm frå marka for å sikre bygninga og som eit flaumsikringstiltak. Vidare blir det gitt løyve til å hente stein til grunnmur frå ura der det tidlegare har vore henta stein til bygging på Dulsete. Sidan det er særeige på Dulsete må tiltakshavar hente på eigen eigedom eller få avtale med andre grunneigarar av ura. Løyvet gis med heimel i verneforskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, § 3 pkt 1.3 bokstav a og f), og med følgjande vilkår:

- All bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø (jf. forvaltningsplan for verneområda i Breheimen kap. 3.5). Dette inneber mellom anna:
 - Bruk av lokal stein til grunnmur
 - Vindauge med sprosser
 - Det skal ikkje skiftast ut meir skada material enn naudsynt på bygningar med kulturhistorisk verdi
 - Tidlegare ubehandla kledning skal ikkje målast eller beisast
 - Vegghögde og takvinkel skal vere det same som på eksisterande sel, målt frå toppen av grunnmuren
- Ombygging skal skje i samsvar med opplysningane oppgitt i søknaden, mellom anna at:
 - Selet førast opp på same stad, men med ny grunnmur
 - Selet førast opp i same storleik som eksisterande sel
 - Berre dei skada delane av laftetømmeret og bjelkelaget blir erstatta
 - Grua blir mura opp som ein rekonstruksjon av eksisterande
 - Taket skal ha torvtak
 - Eventuell ny ytterdør skal vere ein rekonstruksjon av eksisterande
 - Vernekledning mot gavlvegg i nord skal ha ståande bord
 - Arbeidet utførast av fagkunnige personar
- Søppel frå restaureringsarbeidet skal takast med ut av området, og ikkje gravast ned eller deponerast innanfor verneområda.

- Byggeverksemda skal vere avslutta innan år 1.oktober 2023.
- Breheimen nasjonalparkstyre vil ha ein kort rapport med bilete av tiltaket når bygget er ferdig oppført.
- SNO-lokalt skal kontrollere at restaureringsarbeidet er gjennomført i tråd med vedtaket.

Breheimen nasjonalparkstyre kan ikkje løyve midlar til private byggeprosjektet, då dette vil gje ein utfordrande presedensverknad i vidare forvalting av verneområda i Breheimen.

Breheimen nasjonalparkstyre er klar over at tiltaket vil medføre noko motorisert ferdsel med helikopter i byggeperioden, både frakt av byggematerialar og stein til grunnmur. Dette må tiltakshavar søke om i forkant av at ombyggingsprosjektet startar.

Vi gjer oppmerksam på at ved søknad om byggeløyve må kommunen også handsame søknaden etter plan- og bygningslova. Søknaden er vidaresendt Luster kommune, som snarleg vil avklare forhaldet til plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om løyve til ombygging/restaurering av stølshus – Dulsete frå Johannes Hauge og Elin Hauge, motteke 22.02.2021.
- Telefonsamtalar med ytterlegare opplysningar og bilete frå søker
- Uttalelse frå Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, dagsett 14.04.2021

Saksopplysningar

Søknaden:

Johannes og Elin Hauge søker om løyve til ombygging/restaurering av eit stølshus på Dulsete i Mørkridsalen landskapsvernområde, samt høve til å ta ut steinmasse til grunnmur frå ura som tidlegare har vore nytta under bygging. Vidare vart det og søkt om løyve til motorisert ferdsel med helikopter under byggeprosessen og spørsmål om Breheimen nasjonalparkstyre vil støtte prosjektet økonomisk. Saman med søknaden var det ei antikvarisk vurdering av selet, tilstandsvurdering, restaureringsforslag og estimert kostnad av prosjektet, utarbeida av Stibygjaren/Geirr Vetti. I tillegg var det uttale frå kultursjef Erling Bjørnetun i Luster kommune.

Søknaden er gjengjeve under:

«Me vil med vedlagte skildringar, bileter og dokumentasjon søkje Nasjonalparkstyret om løyve til å sette i gang med restaurering av selet «Haugsselet» på Dulsete i Mørkridsalen.

Selet har diverse vorte råka av 4 store flaumar i løpet av ein 10 års periode 2009 -2018. No er me bekymra for at selet ikkje vil tole ein ny flaum, og det hastar med å få gjere flaumførebyggjande tiltak.

På bakgrunn av dette håpar me at Breheimen Nasjonalparkstyre vil gje oss løyve til

- å heve Haugsselet 50 cm frå marka, som eit flaumsikringstiltak
- å ta ut steinmasse til muren under selet, frå ura der dei opprinnelege steinane vart teke ut
- å nytte oss av helikoptertransport under arbeidet med restaureringa

Me håpar og at Nasjonalparkstyret vil støtte oss økonomisk i dette arbeidet.

Me skriv litt om historia til Dulsete, kva bruken har vore og er i dag, og me skildrar kva tankar me har framover. Difor er eit framtidig prosjekt med å bygge opp att den gamle løa med i denne søknaden, men då berre tenkt som informasjon til dykk.

Vedlagt ligg ein antikvarisk vurdering og arbeidsbeskrivelse frå Geirr Vetti (vedlegg 6) og eit kostnadsoverslag frå Geirr Vetti. (Vedlegg 7)

Vidare ligg det og ein uttale til prosjektet frå kultursjef Erling Bjørnetun i Luster kommune (vedlegg 8)

Me har stor glede av det gode samarbeidet me har med Nasjonalparkforvaltar i Luster, Nasjonalparkstyret og SNO.

Frå gamalt av er Dulsete, som ligg 375 moh, vårstolen til Hauge i Skjolden. Her har generasjonar drive stølsdrift, med dyrehald og mjølking. Det er freista dyrka korn og poteter med ymse hell, medan slåtten innpå gjerdet har vore drive i alle år fram til stølsdrifta vart avslutta i 1965.

Mørkridsdalen er kjent for sitt artsrike mangfold og ein del av floraen her er sjeldan andre stader i landet. Sidan 2012 har me i godt samarbeid med SNO og nasjonalparkstyret drive slått på Dulsete. Målsettinga med dette er freiste få fram att den gamle slåtteenga, med sine artar og mangfold. Dette har gitt resultat. Frå å vere ei C klassifisert beitemark, har slåttegjerdet no oppnådd B klassifisering. Dette tykkjer me som grunneigarar er svært flott.

Rundt slåttemarka står ein steinmur. Denne muren er og merka av tidas tann, og det er starta opp restaurering av muren, med støtte frå dykk i Nasjonalparkstyret.

Selet til bruk nr 1, er stort og i følgje snekkermeister Geirr Vetti, mest truleg eit av dei eldste og største i Luster kommune. Han trur at selet kan daterast attende til 1700-talet, men dette er ikkje stadfesta.

Selet, muren og slåttegjerdet er eit landemerke i Mørkridsdalen og eit viktig kulturminne for området.

Dulsete ligg lågt i terrenget, og med Mørkridselvi rennande tett ved, er staden utsett for flaum. I 2009, 2010, 2014 og 2018 var det flaumar som alle har sett sitt preg på området. Diverre har selet fått store skadar, og murane på selet sig og er skeive. For å verne selet mot framtidige flaumskader, lyt me no heve murane under selet. Bygget vil mest truleg ikkje tole ein ny storflaum.

Dulsete er ein stad me som familie har eit nært forhold til, og her finn me ein friplass, trivsel og rekreasjon, med alt frå fiske, jakt og molteplukking. Me ivrar for at dei neste generasjonane og skal ha tilknytning til Dulsete.

Me har den årlege slåttehelga, med familie, vene og gjester. SNO og nasjonalparkforvaltaren i Luster har vore med fleire gonger, noko me tykkjer er kjekt.

4H og skulen har me fleire gonger hatt samarbeid med, viser til undervisningsopplegget «Borna og naturarven», utvikla av Skjolden oppvekstsenter, Luster kommune i samarbeid med SNO. Dette prosjektet har fått mykje merksemd innanfor skulesektoren rundt i landet.

4H har fleire gonger overnatta i lavvo på Dulsete, og det er borna/ungdommane som ynskjer dette. Det tyder på at Mørkridsdalen og Dulsete er ein viktig del av identiteten til borna i

bygda. Bruken av Mørkridsdalen, opplegg frå skulen og 4H gjev borna våre eit eigarforhold til dalen.

Mørkridsdalen er eit ynda feriemål for dei lokale og tilreisande, og det er svært mykje folk i området i løpet av sommarhalvåret. Opplevelse ein får etter ein tidvis bratt og fantastisk tur framover i skog- og urterrenge, og ein kjem fram på stølsvollen og heile landskapet opnar seg, er for mange stor. Og det gamle selet vert flittig fotografert.

SNO og Nasjonalparkstyret er alltid velkommen til å bruke Dulsete som overnatningsstad eller møteplass.

Målet vårt er å få til eit heilskapleg stølsmiljø med selet, løe og mur. Slik kan me ta vare på landskapet, kulturarven og skjøte best mogleg det som for oss, er ei perle av eit lanskapsområde. Samstundes som ivaretaking er det viktigaste, vert og det å rette blikket framover og kunne vidareutvikle Dulsete med tanke på tilbod til reisande i området, ein moglegheit som me ser, og som me kan ta vidare når den tid kjem.

Målsetting selet:

- Sikre selet for framtidige flaumskader.
- Haust/vinter 2020/2021 -søkje Nasjonalparkstyret om løyve til å restaurere selet.
- Søkje Nasjonalparkstyret og andre instansar om midlar til reparasjonsarbeidet . (heve mur, ta att golv, pipe, tak, skifte laftestokkar)
- Sikre vedlikehald og ivaretaking av dette viktig kulturminnet på Dulsete.
- Vår/sommar 2021 – oppstart restaurering»



Figur 1: Austside av Haugsselet på Dulsete



Figur 2: Sørsida av Haugsselet



Figur 3: Nedste delen av laftetømmeret byrjar å bli dårlig pga fukt



Figur 4: Etter mange flaumar ligg no laftetømmeret fleire stadar nesten rett i jord og er difor utsett for fuktskadar

Andre saksopplysningar:

Kultursjef i Luster kommune, Erling Bjørntun, skriv i uttale datert 19.02.2021: «...«Haugsselet» har stor antikvarisk verdi for Luster kommune. Planen som no er lagt fram for eit restaureringsprosjekt vert av fleire grunnar helsa velkommen.»

Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, skriv at dei ikkje har merknader til tiltaket.

Heimelsgrunnlag

Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, datert 7. august 2009
2. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009 nr. 100.
3. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen

Verneformål – forskrift

Mørkridsdalen landskapsvernområde vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltingsmyndighet for verneområdet. Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Vidare er føremålet med landskapsvernområdet mellom anna å ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker (jf. verneforskrifta § 2).

I verneforskrifta i § 3 pkt. 1.1 heiter det at området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt sær preg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifterna pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep.

I § 3 pkt 1.2 bokstav a) heiter det at reglane ikkje er til hinder for vedlikehald av bygningar og andre anlegg. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.

I § 3 pkt 1.3 bokstav a) heiter det at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til ombygging og utviding av bygningar.

I § 3 pkt 1.3 bokstav f) heiter det at forvalningsstyresmakta kan gi løyve til riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

Forvaltningsplan

I forvaltingsplanen står det følgjande om bygningar generelt i verneområda i kap. 3.5:

Det skal gjerast ei streng vurdering av søknader om byggjeløyve, særleg i nasjonalparken. Stadfesta behov og verknad på verneverdiane skal eventuelt vektleggast.

All bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø. Til vanleg tilrår ein:

- *Vindauge med sprosser*
- *Det skal brukast kledning og tak i materialar, og med fargar som går mest mogleg i eitt med terrenget, gjerne materialar som gjev ein mørk og matt fargeverknad der det høver. Torv, tre og stein/skifer er mest aktuelle materialar til takkleding. I enkelte tilfelle kan bølgjeblekk med nøytral farge som i liten grad reflekterer i sola vere aktuelt, også gamal rusta bølgjeblekk.*

Ved handsaming av søknader vert det vurdert om tiltaket medfører auka kapasitet for overnatting, auka ferdsle eller endra bruk av eksisterande bygning. Vidare skal det leggjast vekt på om det vert valt løysingar som gjev minst mogleg transport, og det kan stillast nærrare vilkår om transport og byggematerialar. Det skal stillast klare vilkår til rydding etter byggearbeid/riving, og det skal kontrollerast at desse vilkåra vert følgde.

I forvaltingsplanen står det følgjande om vedlikehald i kap. 3.5.1:

«Vanleg vedlikehald av bygningar og anlegg er ønskjeleg, og er tillate når det vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk.

Med vedlikehald meiner ein bygningsarbeid som ikkje fører til ombygging eller utvidingar. Dette omfattar normalt vedlikehald og utskifting av dørlege materialar eller forsterkingar. Ein meiner alt av innvendig vedlikehald, og utvendig vedlikehald som gjeld utskifting av material og/eller utstyr med nytt av same type og dimensjon, til dømes dører eller vindauge. Eit anna døme på slikt vedlikehald er når kledningsbord blir skifta ut med nye bord i same dimensjon. Betre isolering fell innanfor definisjonen av vedlikehald.

Vedlikehaldet skal ikkje føre til at bygningane endrar fasade eller karakter. Dette inneber at tilbygg, utvendig ombygging, utviding eller endring av storleik, utsjånad eller funksjon ikkje vert rekna som vedlikehald, og slike tiltak krev løyve etter søknad til nasjonalparkstyret, sjå kap. 3.5.2.

Når berande konstruksjonar vert skifta ut og når bygningane står fram som i det vesentlege fornya, jf. plan- og bygningslova § 87, er det ikkje lenger snakk om vedlikehald, men ei ombygging. Innvendig ombygging som ikkje endrar bruken av bygningen er tillate.»

I forvaltningsplanen står det følgjande om freda bygningar, verneverdige bygningar og bygningar med kulturhistorisk verdi i kap. 3.5.6:

Ved restaurering og riving av bygningar eller oppattføring etter brann eller naturskade skal det takast særlege omsyn dersom det gjeld freda, verneverdige eller kulturhistorisk verdifulle bygningar.

Ved alle tiltak kan det bli sett krav til utføring og val av material, og det skal ikkje skiftast ut meir skada material enn naudsynt. Tidlegare ubehandla kledning skal ikkje målast eller beisast. Her blir det og lagt stor vekt på kulturminnestyresmaktene si vurdering om, og korleis eit tiltak skal gjerast, og om eit kulturminne bør restaurerast og korleis restaurering eventuelt bør skje.

Breheimen nasjonalparkstyre vil vere positive til nødvendige tiltak for å ta vare på bygningar med kulturhistorisk verdi. Tiltak vil bli vurdert i samarbeid med kulturminnestyresmaktene.

Naturmangfaldlova

Tiltaket vert vurdert etter dei miljørettslege prinsippa som er nedfelt i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 - 12.

Presedens

Vurdering

Søkjar ønskjer å ta vare på det gamle selet på Dulsete tilhøyrande garden Hauge gjennom å løfte opp selet 50 cm på ein ny steinmur. Bygget er gammalt og har stor kulturhistorisk verdi, og etter mange flaumar er mykje av dei gamle murane vaska vekk og/eller oppfylt slik at tømmeret på selet blir skeivt og ligg delvis direkte i jord. Målet er å ta vare på mest mogleg av selet slik det er, byte ut tømmer som er øydelagt av fukt og løfte tømmerlafta opp for å hindre fuktskader.

Arbeidet er så omfattande at det ikkje kan definierast som vanleg vedlikehald av bygningar jf. verneforskrifta § 3 pkt 1.2 bokstav a). Tiltaket krev difor løyve etter § 3 pkt 1.3 bokstav a) og f), der det står at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til (a) ombygging og utviding av bygningar, og (f) riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk. Tiltaket blir ei ombygging sidan ein får ein ny og noko høgare grunnmur (men ingen utviding), og at ein riv og bygg oppatt grunnmuren med same areal og for same bruk.

Stølen Dulsete er utsett for flaum, og sidan vernet kom i 2009 har det vore 5 store flaumar på Dulsete. Gjentakande flaumar har gjort at den gamle grunnmuren sig og at massar blir tilført rundt selet. No ligg delvis laftetømmeret i jord og gras veks oppetter veggen. Dette gjer at trevirket rotnar.

Ein ønskjer å jekke opp selet og lage ny og høgare grunnmur av stein. Steinene er planlagt henta frå ura der det også tidlegare er henta byggingsstein. Når ein skal jekke opp selet blir det naudsynt å rive grua i selet. Denne er planlagt bygd oppatt som ein rekonstruksjon av den som er i dag. Også taket er planlagt å rivast og leggast på nyt med torvtak. I tillegg vil rotene trevirke i laft, bjelkelag og dør bli erstatta.

Tilstandsvurdering og planlegging av tiltak er gjort av Geirr Vetti i Stibygjaren, som har stor kompetanse på restaurering av gamle bygg og steinarbeid. Vestland fylkeskommune har ingen merknader til dei planlagte tiltaka og kultursjef i Luster kommune meiner det er eit positivt tiltak.

I forvaltningsplanen kapittel 3.5.6 står det: *Breheimen nasjonalparkstyre vil vere positive til nødvendige tiltak for å ta vare på bygningar med kulturhistorisk verdi. Tiltak vil bli vurdert i samarbeid med kulturminnestyresmaktene.*

Selet til Hauge gard er det eldste og største på Dulsete, og buforvegen gjennom Mørkriddsdalen går like forbi. Dulsete med den store steinmuren, slåttemarka og selet er eit landemerke og viktig kulturminne. Det er positivt at grunneigarar er opptekne av kulturhistoria og ønskjer å gjennomføre tiltaka etter antikvariske prinsipp. Det er viktig at å gjennomføre tiltak for å ta vare på selet før forfallet blir så omfattande at det er vanskeleg å redde. Dei planlagte tiltaka vil vere med å sikre selet i lang tid framover. Dette vil vere med å styrke verneføremålet § 2 om å ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemark.

På Dulsete har det vore god tilgang til Stein som byggemateriell. Det viser att i den kring 400 meter lange steinmuren som omkransar slåttemarka. Nokre hundre meter frå selet ligg det steinur som har vore nytta før til byggearbeid og som er planlagt å nytte denne gongen også. Det er ingen registreringar som tilseier at dette skal vere problematisk.

Kunnskapsgrunnlaget (naturmangfoldlova § 8) er godt dokumentert. Det er god oversikt over kva som kan påverke naturverdiane og landskapet i området. I skjøtselsplanen for Mørkridsdalen (NIBIO rapport 3), har Dulsete både slåttemark (verdi B, viktig), slåttemyr (verdi B, viktig) og naturbeitemark (verdi B, viktig). Det er ikkje registrert raudlisteartar på stølen. Om kulturminne står følgjande i skjøtselsplanen: *Lokaliteten er rik på kulturminne frå den tidlegare stølsdrifta og det førekjem fleire stølshus og tufter etter tidlegare løer. Elles finst ein lengre steingard og fleire steinstolpar. Det er ingen registreringar av arkeologiske kulturminne i lokalitetten, men dette kan skuldast at området ikkje har vore undersøkt av fagfolk.* Selet er SEFRAK-registrert. Restaurering av selet vil bidra til å oppretthalde bruken og derfor også framtidig vedlikehald, og vil fortsatt kunne vere eit viktig element i kulturlandskapet. I perioden der arbeidet blir utført, vil det vere naudsynt med motorisert ferdsel med helikopter for transport av materialer og stein. Det vil kunne uroe einskilde artar i ein avgrensa periode. Det vurderast likevel at ei antikvarisk restaurering av «Haugsselet» er med å styrkar verneformålet i landskapsvernombrådet, jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

I følgje opplysningane frå søkjær i søknaden vil restaureringa omfatte løysingar, materialbruk og fargar som er i tråd med retningsliner gitt i forvaltningsplanen. Ombygging/restaurering av selet planlagt gjort med fagkunnige. Det skal ryddast opp etter gjennomført arbeid og materiale og utstyr skal takast ut or området (naturmangfaldlova § 12). Etter det nasjonalparkforvaltaren kan sjå, føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet vert difor ikkje veklagt i denne saka (nml. § 9). Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til skade på natur og miljø som krev erstatning (naturmangfaldlova. § 11).

Søkjær søkte også Breheimen nasjonalparkstyre om økonomiske midlar til gjennomføring av prosjektet. Det har ikkje vore vanleg verken i verneområda i Breheimen eller andre verneområde å bidra økonomisk til private bygg. Dette sjølv om stølane er eitt av verneføremåla og viktige verneverdiar. Med avgrensa tiltaksmidlar vil det kunne skape uheldig presedensverknad for framtidige tiltak på private bygg i verneområda.

Konklusjon

Ut ifrå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at det er positivt at søkjær ønskjer å ta vare på det gamle selet på Dulsete. Søkjær har rádført seg med fagfolk og det er ingen negative innspel frå kulturminnestyresmaktene. Om ikkje det blir gjort noko dei nærmaste åra kan eit viktig kulturhistorisk bygg forfalle. Tiltaket å heve bygget opp frå bakken slik at trekonstruksjonen blir tørr, samt å restaurere bygget etter antikvariske prinsipp. Dette vil sikre bygget i lang framover og vere i tråd med verneføremålet.

Med heimel i verneforskrift for Mørkridsdalen LVO § 3 pkt 1.3 bokstav a og f) meiner nasjonalparkforvaltar at grunnlag for å gi løyve til tiltaket.

Tiltaket vil krevje nokre dagar med motorisert ferdsel med helikopter for transport av byggematerial og stein til grunnmur. Det vil vere forstyrrende for både dyr og friluftsliv. Det er likevel avgrensa periode og vurderast som akseptabelt. Når søkjær er klar for gjennomføring av tiltaket, må dei få løyve til motorisert ferdsel.

Nasjonalparkforvaltar tilrår å ikkje gi økonomisk støtte til tiltaket, då dette vil vere presedensskapande og kunne bli vanskeleg å følgje opp i vidare forvalting avverneområda i Breheimen.

ST 9/21 Delegerte vedtak /

DS 11/21 Delegert vedtak - Strynefjellet LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2024 - snødekt mark - Heilstuguvatnet - gbnr. 246/1/55 - Hans Sæther 2021/2739

DS 12/21 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2021 - Utpllassering av Fjellgeitposter i Syrtbytdalen, Huguwarden og Flekkøyhøi - Fjellgeita i Skjåk v/ Olav Øiberg 2021/451

DS 13/21 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2021-2024 - Organisert ferdsel Lomseggen Upp - Lom IL skigruppa v/ Amund Mundhjeld 2021/4261

DS 14/21 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Befaring av ny skiløype med snøskuter - 2021 - Skjåk Turløyper 2021/3375

DS 15/21 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2021 - 2024 - utsetting av fisk - Skjåk Almenning 2021/1247

DS 16/21 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Transport av proviant og drivstoff til hytte/naust i Lundadalen på snødekt mark - 2021 - Arnstein Dalum Frøyse 2021/3230

DS 17/21 Delegert vedtak - Honnsrøve NAT - Dispensasjon -Transport av varer og utstyr til hytte med snøskuter - 2021-2024 - Sylfest Forberg 2021/3253

DS 18/21 Delegert vedtak - Mysubytta LVO - Dispensasjon - Transport av varer og bagasje til hytte - 2021-2024 - Anders Eide 2021/3374

DS 19/21 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel i forbindelse med uttransport av motorbåt - 2021- Lundadalsvatnet - Ørjan

Hov 2021/2462

DS 20/21 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Transport av materialar til Lundadalen på snødekt mark - 2021 - Ola Moen 2021/3230

DS 21/21 Delegert vedtak - Breheimen NP og Mysubytta LVO - Dispensasjon - 2021 - Transport av ved og utstyr til hytte - Steinar Øygard 2021/3267

DS 22/21 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Bruk av motorbåt med motor på Lundadalsvatnet i Breheimen 2021-2024 - Kjell Lundemo 2021/2557

DS 23/21 Delegert vedtak - Breheimen NP -Dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport til Rustadhytta ved Søvertjønne m.m. - Søverdalen - Ola Yttre 2021/3373

ST 10/21 Eventuelt /